



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 Molde

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/137	6849/2015	020	SVK/US	22.06.2015


MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNEREFORMEN - STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 18.06.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 70/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.*
- 2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere forebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*
- 4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
- 5. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret


Unni Strand
sekretær

Kopi til:

Vanylven kommune

Sande kommune

Herøy kommune

Ulstein kommune

Hareid kommune

Eid kommune

Hornindal kommune

Stryn kommune

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg